

Sidan byrja dei med sokalla "halvebrøker" av einskjefte.

4. Sengumheng vov dei ikkje. Til det kjøpte dei rutut og/eller randa tunnt ty.

5. Lakan vov dei som lereft av bomull med tvo skaft og tvo trøor som vart nedtrødd ei um gongen.

Putevar vov dei ofte i enden paa ein sengjavev. Dei var randa med ymse leter.

Sengjene. Sengjaveven hadde 4 skaft med 2 traad i tonn. Dei trødde paa ei trøda skiftevis um gongen etter rad. Sengjene var yverbreidsle paa sengjastaden. Dei gjorde seg mykje fyre med aa randa dei med vakre - skarpe fargar sumtid - paa kvit botn for det meste. Rendene eller bordane kunde vera sume breide andre smale i same sengi. Her hadde kvar vevar fritt spelerom med fargesamansetjingi. Mest kom dette til syne i tvistasengjene, dei kalla. Daa la dei ei spila inn millom skili bak hovaldi, reiste so spili paa kant, so det vart godt skil, og stakk so "tvista" inn med hand. Ein maa segja dette var plagg som prydde ein sengstad med alle fargane sine.

No er denne vevemaaten avlegs. Istaden vert vove tjukke ullteppe med 4 skaft og ein traad i tonn. Vendvevnaad.

Dukar hev vend for det meste, sumtid lereftsvevnaad og. Dukar vovne med vend hev ofte mynster, helst som rutor eller bordor. Til vanleg er botnleten kvit. Den kann og vera linnt ljocsgul.

Handdukar var mest vovne som lereft med tjukkvore vevt og varp av bomull. Med vend vart dei for tjukke og stive, totte dei.

Aalkæde, teppe o. s. b. var vendavovne.

Namni paa vevemaatane var vend, vadmaalsvevnaad, sengjavevnaad, lereft, teppevevnaad, tvistasengvevnaad o. s. b.

Namni svarar for det meste til bruken av dei ymse tyslag.

11. Dette hev eg ikkje høyrte noko um, so det kann eg ikkje
svara paa. -----

Det kann kanskje vera turvande aa halda ihop med sva-
ri som er gjevne til seremne 8.

Karl Roan